



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Teams

**Dato:** 15.11.2023

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 28/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 29/23	Mørkridsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av utedo og lager - Dalen - 20/10 - Rune Fuglesteg		2023/4263

**ST 28/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2023/4263-10

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 08.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	29/23	15.11.2023

## Mørkridsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - oppføring av utedo og lager - Dalen - 20/10 - Rune Fuglesteg

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 15.11.2023 gjev Rund Fuglesteg løyve til å byggje utedo med lager på Dalen i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 1.3 c i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Løyvet er gjeve med følgande vilkår:

- Utedoen skal plasserast ovanfor selet/sankebua slik som avmerkt på kartet i søknaden. Endeleg plassering skal skje på synfaring med forvaltar og SNO Breheimen.
- Utedoen skal byggjast etter mål slik det er skissert i teikningane i søknaden.
  - På taket skal det brukast bølgeblekk som på selet/sankebua.
  - Kledning på utedoen skal vere liggande som på selet/sankebua.
  - Utedoen skal tilpassast i terrenget utan at det blir gjort terrengingrep.
  - Det kan brukast lokal stein funne på staden/i elva til fundament på utedoen. Stein skal ikkje fjernast frå kulturminne.
  - Utedoen (og selet/sankebua) skal ha farge som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne ein mørk og matt fargeverknad.
- Etter byggearbeidet er avslutta skal restar av materialar og utstyr transporterast ut av området.
- Løyve til oppstart av byggetiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå byggetiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Spørsmål om restaurering av bygning, søknad om motorferdsel og oppføring av utedo med lagerplass for saltstein. Datert 08.03.2023.
- Diverse dialog på e-post ang. restaurering av sankebu og oppføring av utedo/lager. Sendt/datert i perioden 12.06.2023 – 27.09.2023.


## Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven nedanfor:

*Me vil med dette informere om at me vil restaurere sel/sankebu på Dalen i Mørkridsdalen. Dette gjeld selet til gnr/bnr 20/10. Selet er gammalt og viser tydelege teikn på dette. Pappen i taket lek og kledninga avflassa og roten. Skotet på selet er ikkje tett, og mus og små dyr har fri tilgong. Me vil ikkje gjere fasadeendringar på selet utanom fornying av pipa, ellers vil me behalde utsjånaden på selet slik det er.*

*Me vil også med dette søkje om å setje opp eit lite uthus med plass til ved, saltstein og utedo. Det er ikkje noko uthus knytt til selet i dag. Uthuset vil vere 4 kvm.*

*For å få gjennomført restaureringa og bygginga er det naudsynt med material og utstyr. Me vil med dette søkje om løyve til å nytte helikopter til transport av det. Me har behov for 4 hiv med helikopter. Rivinga vil skje i løpet av tidleg vår, slik at me kan transportere gamal kledning og avfall heim i samband med at me flyg fram utstyr og ny kledning. På denne måten reduserer me bruken av helikopter til det mest naudsynte.*



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mørkridsdalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

### Verneformål – forskrift

I § 2 i verneforskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde står det at føremålet med vernet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarkar
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarkar som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c står det at *forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før.*

### Forvaltningsplan

Under *retningslinjer for forvaltning og bruk* for nye bygningar i landbruket i Mørkridsdalen står det bl.a.:

*Etter søknad kan det gjevast løyve til oppføring av nye bygningar i landbruket i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Mysubytta og Høydalen landskapsvernområde.*

*I landskapsvernområda i Luster kan det gjevast løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynte til jordbruksføremål i stølsområde der det er bygningar frå før. Ved vurdering av slike søknader skal det leggjast vekt på om det er eit naudsynt behov knytt til jordbruksdrifta. På stølsvollar med mange sel kan eit felles toalett (gamaldass) vere ei god løysing (Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde).*

*Ved handsaming av søknader om oppføring av nye naudsynte bygningar i samband med jordbruks- og støls-/ seterføremål i landskapsvernområda, vil det reelle behovet for bygningen bli vektlagt. Det vil bli vurdert om funksjonen til den nye bygningen kan dekkast av andre hus på stølen/setra, eller om eksisterande bygningar kan endrast slik at behovet kan dekkast.*

*Ved evt. oppføring av nye bygningar skal ein ta omsyn til struktur og storleik på dei bygningane som er på stølen/ setra. Tradisjon med omsyn til plassering i terrenget,*

*form og materialbruk er viktig å vidareføre, til dømes type panel, takutstikk, tekking og farge, jf. innleiingsvis i kap. 3.5. Terrenginngrep må minimaliserast.*

*Nye hus bør ha eit uttrykk/utforming som viser når dei er oppført, men bør underordna seg heilskapen i miljøet, jamfør punktet over.*

*Plassering av nye landbruksbygg skal søkast lagt til stølsvollen/setertunet. Om ei slik plassering ikkje let seg forene med spesielle omsyn knytt til bygningsmiljøet, landskapsmessige omsyn eller omsyn til andre verneverdiar (som biologisk mangfald), skal annan plassering vurderast.*

## **Naturmangfaldlova**

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## **Vurdering**

Rune Fuglesteg ønskjer å restaurere selet/sankebua på Dalen, og byggje ein ny utedo der det også kan lagrast ved og saltsteinar i samband med landbruksdrifta. Restaureringa av selet/sankebua er avklart tidlegare i sommar, og med bakgrunn i at det ikkje skulle gjerast endringar på fasade gjekk tiltaket gjennom som ordinært vedlikehald av bygning som ikkje krev søknad. Det er positivt at selet/sankebua og stølsområdet blir brukt og restaurert. Fuglesteg har sau i området og er bl.a. med i prosjektet om styrt haustbeite med sau i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Bygging av utedo/lager vart eigentleg utsett til 2024, men i og med at snekker hadde moglegheit til å ta oppdraget nå i haust kom det eit ønskje om å få behandla saka om utedoen/lageret nå.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Det er ikkje registrert kulturminne i området der utedoen skal stå. Arealet er registrert som naturbeitemark, men det er ikkje registrert trua artar på staden i Naturbasen (§ 8).

Slik den nye bygningen er beskrive ser det ut til at den er i samsvar med byggeskikk for området. Saka er drøfta med kulturminnemyndigheitene i Vestland fylkeskommune, utan at dei har innvendingar til tiltaket utover det som er presisert i vilkåra. I samtala påpeikar dei likevel viktigheita av at eit slik bygg framstår som ei «enkel» bygning og at bygninga er tilpassa omgjevnadene med tanke på farge- og materialbruk. Spørsmålet om sambruk av fleire på Dalen er også drøfta, utan at dette har ført til andre moglege løysingar i dette tilfellet.

Utedoen blir vurdert som naudsynt for å dekke ein nødvendig funksjon for eit sel/sankebu som er i bruk. I tillegg vil bygninga fungere som ein lagerplass for ved og saltstein som blir bruk i samband med sauedrifta på plassen. Forvaltar kan ikkje sjå at ein utedo med lager på

2 x 2 meter vil vera i strid med verneformålet i dette tilfellet. Det er heller ikkje mange stølshus i området som er utan ordna toalettfasilitetar, så det er lite sannsynleg at det blir skapt uheldig presedens med risiko for mange tilsvarande søknadar.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (§ 9) i saka. Forvaltar kan ikkje sjå at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka i denne samanhengen. I forhold til økosystemtilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny utedo/lager som omsøkt. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom vilkåra i saken blir følgt (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).